



Bebuarane må eventuelt kosta fartsdumpane sjølve i indre delen av Skårane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Korsnes Vel ved Tor Edward Taranger søkte kommunen om fartsdumpar i dei indre delar av vegen Skårane og no har saksbehandlar Øyvind Hardeland svara.

Han viser til at kommunen ikkje har noko budsjett eller løyvingar avsett til fartsdumpar og at fartsdumpar i enden på ein veg også har låg prioritet.

Men dersom bebruarane ønskjer å ta kostnaden sjølve, kan dette vera ei løysing. Det må då avtalast plassering av fartsdumpane med Hardeland.